

Saksprotokoll fra Vågsøy Nordfjordrådet

015/07 STERKARE RETTSFESTING AV ORDNINGA MED BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANSE - FRÅSEGN NORDFJORDRÅDET

Saksbehandler Ellen Herland - SE

:

Dato: 04.09.2007

Arkivref.: 2007/000782-1 / 026

Utvalg	Møte- dato	Utvalgs- saksnr.	Beh.- status	Besluttende organ
Nordfjordrådet	03.09.2007	015/07	BE	Ja

(Behandlet status: SK=Sakliste sendt, BE=Ferdig behandlet, UT=Utsatt, TB=Tilbakeført til forrige utvalg)

Underretning sendes:

-parter i saken

-øvrige

Dokumenter vedlagt saken:

Øvrige dokumenter i saken:

Klageadgang:

Nei

Innstilling

Nordfjordrådet sluttar seg til forslaget til fråsegn datert 31.08.07.

Møtebehandling

Tilrådinga vart samr. vedteke.

Vedtak

Nordfjordrådet sluttar seg til forslaget til fråsegn datert 31.08.07.

Sentraladministrasjonen

Utarbeida av
Ellen Herland 57845015

Vår dato
31.08.2007
Dykkar dato

Revisjon
1.0

Vår referanse
2007/000782
Dykkar referanse

Til
NOR - Nordfjordrådet

Kopi til

Fråsegn frå Nordfjordrådet om sterkare rettsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse.

Innleiing

Høyringsinstansane er bedne om å kome med fråsegner innan høyringsfristen den 01.11.07.

Generelt

For Nordfjordrådet er det prinsipielt viktig å få fram at alle lovframlegg/lovendringar med større brukarmedverknad og kvalitetsheving som intensjon, vil føre til behov for meir ressursar både til administrasjon og tenesteyting. Når det gjeld den føreslegne BPA-ordninga, så vil behovet for personellressursar i kommunane auke fordi tenestene må organiserast med fleire einskildtiltak med EIN arbeidsleiar/administrator. Jfr. det føreslegne framlegget om 20 timars-nivå. Fleire slike tiltak i kvar kommune med brukarstyring og individuelle tilpassingar vert vanskelege å samordne, i motsetning til meir tradisjonelle organiseringsmåtar, med felles hjelparar til mange brukarar. Det vert også behov for meir administrative ressursar og spisskompetanse til å forvalte fleire ulike både offentlege og "private" ordningar.

Det vert i høyringsdokumentet vist til at dei juridiske tilhøva mellom BPA og Arbeidsmiljølova er uklare. Kommunane vil ikkje ha medverknad i dei tilfelle der tenestemottakar er arbeidsgjevar, men vil likevel sitje med ansvaret for personlege assistentar (mange småstillingar) utan fagutdanning, dersom tiltaket opphøyrer. Oppseiingsprosessar er vanskelege dersom kommunene generelt har behov for personell i det vidare. Dette kan påvirke rekruttering av fagkompetanse og kvalitetsutvikling på tenestene. Kommunane vil ikkje ha styring med kva kompetanse den einskilde arbeidsleiar/arbeidsgjevar etterspør. I dag satsar kommunane på kvalitet gjennom formell fagkompetanse, noko også staten stimulerer til gjennom tilskot til utdanning og opplæring. Difor vert det eit paradoks at kommunane kanskje vil få fleire ufaglærte i tenestene i framtida.

For kommunane er det heilt sentralt å kunne sjå ALLE statlege initiativ i samanheng, og å vurdere konsekvensane. BPA-lovframlegget må såleis sjåast i samanheng med til dømes Rundskriv I-5/2007 (dagsett 05.06.07), som påpeikar innhaldet i sosialtjenestelova §4-3, og ansvaret til kommunane. Der heiter det at ansvaret når det gjeld "dagliglivets gjøremål" må forståast som noko meir enn "reine omsorgsoppgåver. Ei rekkje undersøkingar viser at på det kulturelle og sosiale området kjem kommunane til kort. Kommunane må gjere meir på slike område både individuelt, generelt og som førebyggjande tiltak. I rundskrivet heiter vidare at "aktiv omsorg" vil krevje større fagleg breidde i omsorgssektoren, med fleire faggrupper for å kunne ivareta "ein meningsfull kvardag" for tenestemottakarane. Men dersom kommunane skal følgje opp innhaldet i dette rundskrivet, vil kommunane få fleire oppgåver, og ressursbehovet vil sjølvsagt auke.

I 2006 blei også IPLOS ^[1] lovfesta. Registreringa, som skal gjerast av alle tenestemottakarar i pleie og omsorg, skal danne grunnlaget for sakshandsaming og større likskap i tenesteytinga. Likeeins er intensjonane med ei lovfesting av rett til Individuell plan også å betre kvalitet, men kommunane greier

ikkje å følgje opp ei slik omfattande kvalitetsforbetring på eit nivå som staten forventar, utan å bruke meir ressursar til personell. Ingen av dei ovannemnde nye ordningane har ført til auke i statlege overføringar.

I høyringsdokumentet om BPA-ordninga kjem det fram at nye finansieringsordningar i samband med BPA har vorte vurdert, men med fare for at kommunane vil utnytte slike ordningar, vil departementet ikkje tilrå dette! Kommunane har sett slike haldningar, oppfatningar og vurderingar også i andre dokument frå statlege styresmakter. Dette kan oppfattast som ei mistenkeleggjering av kommunane sine intensjonar, og ei undervurdering av den kommunale fagkompetanse og skjønn. Dessutan har staten innført kontroll- og tilsynsordningar, og mulegheiter til å kunne fange opp slike økonomiske "vridningar" dersom det er mistanke om noko ureglementert.

Konklusjon:

Høyringsdokumentet er uklart og lite konkret på fleire viktige punkt: Tilhøvet til andre lover, ansvaret når andre enn kommunen er arbeidsgjevar, økonomi/refusjonsordningar, fagleg innhald og fagleg ansvarsfordeling.

Nordfjordrådet meiner at konsekvensane av den føreslegne rettsfestinga vil bli auka oppgåver. Kommunen ser endringa i samanheng med andre endringar i sosialtenestelova som heilt klart vil føre til auka oppgåver og behov for meir ressursar.

Den føreslegne finansieringsordninga er ikkje tilfredsstillande, då det er relativt få tenestemottakarar som vil komme inn under refusjonsordninga for ressurskrevjande brukarar, men likevel ligge like opp under innslagspunktet på kr 770 000,-.

Kompetansebehovet vil også bli endra, det vert behov for fleire typar kompetanse.

Merknader til innhaldet i høyringsdokumentet ut frå konkrete spørsmål i høyringsbrevet

- 1. I hvilken grad vil de foreslåtte endringene føre til at et større antall brukere vil ønske tjenestene organisert som BPA? Fra hvilke grupper (type funksjonshemming, diagnose, alder vil dette særlig skje? Hva vil være omfanget på den praktiske bistanden (tjenestefomfanget) til disse gruppene? Hvordan kan dette påvirke de økonomiske og administrative konsekvensene av ordningen (for kommunen, og for staten)?*

Utviklinga på landsbasis er at fleire unge under 67 år treng hjelp med eit mykje større omfang enn eldre. Denne utviklinga ser ein også i Nordfjordkommunane. Dersom alle dei med behov for 20 timar hjelp pr. veke, vil krevje BPA-ordning, vil utfordringane bli større enn det kommunane kan makte økonomisk, og det vert lite ressursar att til dei over 67 år. For å kunne kome inn under refusjonsordninga/den modellen det er gjort framlegg om skal gjelde, må tenestemottakarane ha hjelp som tilsvarar 1,5 årsverk, 53,25 timar pr. veke, og det er få som vil ha så store hjelpebehov. Ei anna refusjonsordning, t.d. lik den som Sverige har^[2], må difor innførast.

- 2. Bør kommunen eller brukeren bestemme arbeidsgiverforholdet? Bør brukeren bestemme hvem som skal være assistenter?*

Dette er også eit prinsipielt spørsmål. Brukarmedverknad og medråderett er i dag viktige prinsipp i alle lover og styringsdokument som regulerer offentlege tenester. Men ytterlegare rettsfestingar og endå større krav-fridom for tenestemottakarane, fører til viktige endringar i tenkje- og handlemåtar for profesjonane og den kommunale forvaltninga. Held denne utviklinga fram, vert det særleg viktig at statlege styresmakter følgjer opp med å løyve midlar som harmonerer med auken i individuelle tiltak i tenestyttinga, og behovet for kompetanseheving .

3. *Uavhengig av hvem som har arbeidsgiveransvaret, er det i utgangspunktet brukeren som skal ha arbeidslederansvaret for assistenten. Bør kommunen, pårørende eller hjelpeverge ha arbeidslederansvar dersom brukeren selv ikke er i stand til å ivareta dette?*

Også når det gjeld dette spørsmålet er det behov for prinsipielle avklaringar. Dersom rettsfestinga av BPA-ordninga vert vedteken, må intensjonane i lovframlegget følgjast opp, t.d. ”*økt fleksibilitet og mer individuell tilrettelegging*”. Ei naturleg konsekvens er då at pårørende eller hjelpeverge vert arbeidsleiarar. Men det vil verte store juridiske utfordringar for kommunane med omsyn til å inngå avtalar med ulike pårørende og hjelpeverge, avtalar som både skal ivareta individuelle krav og kvaliteten på tenestene, som kommunane skal ha ansvaret for. Når det gjeld denne viktige problemstillinga og naudsynt drøfting av ulike konsekvensar, er høyringsdokumentet altfor vagt og utydeleg.

[1] Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk.

[2] At staten dekkjer utgifter utover 20 timar hjelp pr. veke.